



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 10.03.2020

Møtetid:

Kl. 14.00 - 15.30

Møtestad: Seimsdalen

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Dag Audun Strand	
Heidi Mørkrid	
Karin Moen	Forfall
Patricia Seglem Lægreid	
Øystein Jarle Wangen	
Line Hillestad	AP

Møteleiar:	Øystein Jarle Wangen
Frå adm. møtte:	Møtesekretær: Lene Risløw
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Underskrifter:

Patricia L. Seglem

Dag Audun Strand

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
005/20	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll
006/20	Referatsak
007/20	Årsmelding for Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 2019
008/20	Garderober for menneske med nedsett funksjonsevne i Årdalshallen
xx/20	Ymse

005/20: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

10.03.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Kområd- 005/20 Vedtak:

Patricia L. Seglem og Dag Audun Strand signerar neste protokoll

006/20: Referatsak

Tilråding:

Referatsakene vert teken til orientering.

10.03.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Mette og Marita kom og informerar ang:

Tangevegen 14 (Psykisk helseteneste): Det rehabiliterast 7 leiligheiter i Tangevegen 14. 1 leiligheit kan nyttast til fellesområde. Tangevegen 14 skal ha eit tilbod om heildøgnsbemanning.

Asbest-sanering av bygget gjennomført, same firma som skulle riva i førre omgong. Jobben er ute på Doffin/anbod. 8 personar tilsette til når Tangevegen er ferdig rehabilitert. Håp om at arbeidet vert ferdigstilt til sommaren/rett over sommaren.

Rehabilitering: spesielt i forhold til LHL, men gjerne koordinering med andre grupper og kommunen. Varmtvannsbasseng/bad. Mette tek dette vidare. Har nabokommunar eit tilbod å nytta seg av? Tidspunkt må takast hensyn til, helst etter 12. Samkøyra det som er av tilbod og eventuelt nye tilbod via kommune/saman med kommunen.

Helse og omsorgs - utvalet: Mette er leiar for utvalet og utvalet er opptatt av framdrift av helse/omsorgssenteret. Oppstart i januar. Omvisning på sjukeheimen og vil halde fram med å ha møte ute i området.

Etiske retningslinjer: Etterlyser reaksjon på brot av desse og kjem som eit innspel til å korrigera av Årdal kommune sine overordna etiske retningslinjer. I tillegg kjem yrkesspesifikke etiske retningslinjer, desse er nasjonale. Administrasjonen tek innspellet sitt med vidare. Regjeringa og KS på team etikk.

Asvo: Lene legg det til rette for å ta neste møte på ASVO, mandag/tysdag, etter 13 eller til musikk på tysdagar.

Marita informera om prosjektet ang resursgruppa på ASVO. Mange tilrettelagte aktivitetar og har etablert kreativ krok med bl.a. glaskunst. Men der er nokon brukarar som av helsemessige grunnar ikkje kan delta på ASVO alikevel, men dei har verdige kvardagar alikevel. ASVO har fått kantinevakt for å imøtekomma ein del brukarar som har litt større behov.

Kområd- 006/20 Vedtak:

Motteken informasjon blei teke til viten.

007/20: Årsmelding for Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 2019

Tilråding:

Årsmeldinga vert vedteke og sendt til Kommunestyret.

10.03.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Kområd- 007/20 Vedtak:

Årsmeldinga vert vedteke og sendt til Kommunestyret.

Vedteke samrøystes

008/20: Garderobe for menneske med nedsett funksjonsevne i Årdalshallen

Tilråding:

Kommunalt råd ynskjer å fremme saka for Helse og omsorgsutvalet i kommunen for vidare handsaming.

10.03.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Dag Audun gav ut eit skriv frå ei synfaring av Årdalshallen i 2010.

Mette tek saka med inn i leiarmøte i tillegg.

Line påpeikar at slike garderobar må etablerast utanfor dei etablerte garderobane, i tilfelle brukaren har assistent med seg som kan vera motsatt kjønn av brukar som skal nytta garderober.

Kområd- 008/20 Vedtak:

Kommunalt råd ynskjer å fremme saka for Helse og omsorgsutvalet i kommunen for vidare handsaming.

Vedteke samrøyste

Xx/20 Ymse

Mette informerte frå området

Åpning av Klyngetunet: besøk av bl.a direktøren frå Husbanken av eige ynskje som var særst interessert i dette prosjektet. Årdals nyaste borettslag. Rådet sakna å ikkje bli invitert.

Koronavirus: kommunen følgjer FHI sine oppfordringar. Pandemiplan er på plass. Deltok i møter med fylkesmannen. Møter i kommunen 2 veker i veka. Utstyrsmangel.

Tilsyn på beredskapen vår i juni. Altomfavnande.